



Foto: Geir Egil Bergjord

## Ei skeiv Ryfylkerose

Mosaikken ovanfor er henta frå Innblikk (2009). Det er fotomanipulasjonar, basert på tekstilar, sjøsprut, frukt og bygningar i Ryfylke. Symmetrien du finn har utgangspunkt i rose målinga.

Bilda viser at Ryfylke er variert. Satt sammen av tusenvis av folk, skikkar, hus, møbler, bøker, gardiner, tankssett, livssyn, toalett, sengeklede og livsutsikter. Dei ynskjer òg å vise kontinuitet mellom historia og notid.

I forbindelse med **skeivt kulturår** ynskjer Ryfylkemuseet å invitere til konkurransen for å designe ei ny Ryfylke rose som representerer det skeive elementet i Ryfylke”.

Bidraget kan være eit fotografi, ein teikning, eit maleri eller eit kunstverk av ein sort eller anna.

Bidraget skal vere basert på mosaikken ovanfor. Deltakarane står fritt med tanke på fargeval, motiv, og utforming, men me ynskjer at dokker leverer ein tekst kor dokker begrunnar vala som er tatt og forklarer meininga og symbolikken og kvifor nettopp di rose bør vinne.